

Noregs Ungdomslag:

Årsmelding og rekneskap 2012



Føreord frå styret

Organisasjonslivet i Noreg er i stadig endring. Gjennom fleire tiår har nyoppretta frivillige organisasjonar vore smalare i arbeidsfeltet, ofte med god og poengert profil. Folk hoppar gjerne frå organisasjon til organisasjon. Mange vil helst ikkje melde seg inn nokon stad, men heller gå på korte kurs, der aktivitet og opplevingar står i sentrum. Livslange medlemskap er sjeldan vare om dagen.

Korleis passer så Noregs Ungdomslag inn i dette bilete? Me har jo ikkje følgd utviklinga med oppløysing av organisasjonen i ulike fagfelt, eller som aldersbestemte organisasjonar. Me har tvert om dyrka mangfaldet, på tvers av generasjonar, på tvers av aktivitetar i eit sterkt engasjement for det me trur på.

Og som lokalt forankra organisasjon der gjerne ungdomshuset i bygda er sentrum, er jo dette logisk. Noregs Ungdomslag sin aktivitet er ikkje straumlineforma. Den er prisgjeve det engasjementet som oppstår lokalt. Difor vil det alltid vere ulikt innhald mellom laga. Og det me får med på kjøpet er mangfald, nysgjerrigheit og eit inkluderande miljø.

Ei utfordring med å drive organisasjon på ein slik måte kan vere mangel på profil og fanesaker. Heldigvis er det mange som har høyrte om ungdomshus og Noregs Ungdomslag, men dessverre færre som veit kva me driv med. Alt for mange spør om kva ungdomslaget driv med no om dagen. Her har me alle i ungdomslaga ei stor utfordring framfor oss. Eit arbeid som kjem til å bli viktig framover og som me treng hjelp frå kvar og ein i lokallaga for å meistre.

Arbeidet i NU gjennom 2012 har verkeleg vist mangfaldet organisasjonen står for. Mykje godt lokallagsarbeid i 383 lokallag utgjer ein skilnad der lagsarbeidet blir drive. Samstundes blir det drive aktivitet også på sentralt nivå, då ofte større prosjekt.

NU var ansvarleg for det største arrangementet me har arrangert sidan år 2000, nemleg Nordlek i Steinkjer. Dei som derimot var vertskap og utførte arbeidet på ein særskilt god måte var Stiftinga Hilmar Aleksandersen med Bul Steinkjer med frå starten. I tillegg ein mengde gode dugnadsfolk som kom frå heile landet for å hjelpe til. Eit engasjement som ein blir imponert over. Tusen takk til alle involverte!

På Nordlek var det også premiere på storsatsinga frå NU si side siste året, Nordic Dance 2012. Eit talentprosjekt på tvers av Norden med 24 unge dansarar og musikarar. Dei gjorde braksuksess på stemnet og har sidan turnert over heile Norden. Slike venskap er framtida for det nordiske samarbeidet.

Til slutt vil gjerne styret få takke alle som engasjert driv aktivitet i ungdomslaga, og som kvar veke fyller huset eller sjela med song, dans, replikkar, kjøtkaker og kaffi.

Oslo, 3. mars 2013

Endre Kleiveland

Kine Reiersen

Ellen Mersland

Herman T. Lund

Olav-Johan Øye

Ellen Runderheim

Rita S. Strandbakke

Marie Nicolaisen

Stine S. Machiedo

1 Arbeid i perioden

Dette første kapitlet av årsmeldinga er ei rapportering på arbeidsprogrammet for 2011-2012, vedteke av landsmøtet i 2010. Sidan arbeidsprogramperioden går over to arbeidsår, er første rapporteringa på arbeidsprogrammet gjort gjennom årsmeldinga for 2011. For oversynet sin del er denne rapporteringa likevel giengitt her.

Noregs Ungdomslag sin overordna visjon for arbeidet er fastsett gjennom langtidsplanen for perioden 2011-2014. Visjonen innleier denne delen av årsmeldinga, og etterfølgjast av måla som var satt for kvart av arbeidsområda. Deretter følgjer tiltaka som er vedtekne i arbeidsprogrammet for 2011-2012, med ei

rapportering på arbeidet i 2012. Avslutningsvis under kvart arbeidsområde, er det teke med ei generell vurdering av i kva grad måla i arbeidsprogrammet er nådd.

Noregs Ungdomslag skal kjenneteiknast av aktive lokallag som inspirerer, tar vare på og utviklar sine medlemmer fagleg, sosialt og organisatorisk.

Visjon, fastsett i langtidsplanen 2011-2014, "Styrke kvarandre slik at vi tør"

Organisasjonspolitisk arbeid

Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Noregs Ungdomslag skal vere ein samla organisasjon på tvers av generasjonar. For å vere ein organisasjon med stolte medlemmer, levekraftige lokallag, vitale fylkesledd og eit ressurssterkt sentrallidd, treng ein eit systematisk fokus på organisasjonsbygging:

- Medlemstalet skal aukast med 10% innan utgangen av planperioden
- NU skal ha gode system for rapportering og kontakt med lokallaga, slik at alle lokallag oppfyller lagsdefinisjonen i lova til NU
- Alle lokallag i Noregs Ungdomslag skal ha eit velfungerande regionlag
- Systematisk opplæring av tillitsvalde på alle nivå i organisasjonen.
- NU skal vere ein viktig kulturpolitisk aktør
- NU skal vidareutvikle lagshusa som sentrale møteplassar i lokalsamfunna

Tiltak i arbeidsprogrammet 2011-2012	Årsmelding 2011	Årsmelding 2012
Rekruttere minst 10 lag, som ikkje er knytt til annan sentral organisasjon, kvart år.		Det har i stor grad vore prioritert kontakt og oppfølging med eksisterande medlemslag framføre rekruttering av nye.
Auke talet på medlemmer med fleirkulturell bakgrunn.		Det har ikkje vorte gjennomført særskilde tiltak frå sentralledet for å nå dette målet.
Arbeide for at medlemslag ikkje vert lagde ned eller melder seg ut av Noregs Ungdomslag.		Det vert arbeidd kontinuerleg med synleggjering av fordelar laga har med å vere tilknytt Noregs Ungdomslag.
Utarbeide system som gjer at alle aktive i organisasjonen blir registrert som medlemmer.	Nytt medlemsregister vart teke i bruk i 2011, der lokallag aktivt må fornye medlemsskapet til kvar einskild medlem kvart år.	Det er framleis ein del lag som har stor aktivitet men som ikkje registrerer medlemmene i Noregs Ungdomslag. Tilskotsordninga Frifond gjer at fleire lag ser at det faktisk løner seg å melde inn medlemmene under 26 år, men det å få laga til å registrera medlemmene sine vil framleis vere eit innsatsområde.
Utarbeide og sende ut årshjul for lokallaga sin kontakt med organisasjonen.	Det vart utarbeidd eit årshjul som vart sendt laga 2011. Dette året vart det også innført nye rutinar for levering av årsrapport til NU, og innfasinga av medlemsregisteret gjorde at ingen fristar var faste i 2011. Eit komplett, meir statisk årshjul, vil difor bli utarbeidd i løpet av den nye arbeidsprogramperioden.	
Jobbe for ei betre og meir brukarvennleg heimeside.	Ny heimeside vart lansert i mars 2011.	Av utviklingstiltak i 2012 har kalenderfunksjonen vorte forbetra.
Synleggjere forventningane til fylkeslaga .		Forventningane er synleggjorte gjennom minimumsoppgåver vedteke av landsmøtet.
Noregs Ungdomslag skal sette av ressursar i form av tid og personar som kan arbeide vidare med etablering av samarbeidsstrukturar og/eller samanslåing av fylkeslag.		Dette har det ikkje vore arbeidd med.
Vurdere moglegheitene for å halde ekstra fylkeslagssamlingar.	Då det har vore interesse frå fylkeslaga i å halde ei ekstra fylkeslagssamling, i tillegg til landsrådsmøte, vart dette gjennomført våren 2011.	Det vart gjennomført eit eige organisasjonskurs retta mot fylkeslagstillitsvalde i samband med modul 1-kursa våren 2012.
Alle tillitsvalde skal få tilbod om organisasjonsopplæring.		Ikkje gjennomført grunna manglande ressursar.
Systematisk skulering av fylkeslaga.	Gjennom ei ekstra årleg fylkeslagssamling har NU fått ein ny opplæringarena for tillitsvalde i fylkeslaga. Styret har hatt fokus på eit høgt fagleg nivå på desse samlinga og utvikla tilbodet i samarbeid med fylkeslaga sine ynskje.	Sjå kommentar frå 2011.
Utarbeide strategi for organisasjonsopplæringa i organisasjonen.		Det vert arbeidd med å utvikle ei modulbasert instruktøropplæring også innanfor organisasjonsfaget.

Alle medlemmer skal få tilbud om opplæring innanfor sit interessefelt.		
Arbeide for auka stønad til folkedansarbeidet i organisasjonen.	Tilskotet til folkedansarbeidet er auka med ein halv million kroner i løpet av perioden.	Sjå kommentar frå 2011.
Vere ein meiningsberar i kulturpolitiske spørsmål.	Kulturpolitisk utval består av leiar, politisk nestleiar og generalsekretær. Dei har respondert jamleg på saker som angår kulturpolitiske spørsmål. Utvalet har også følgd opp fråsegnene frå landsmøtet, og brukt dei i argumentasjon og publisering. Utvalet har også drive lobbyverksemd mot styresmaktene. Spesielt for vilkåra til folkedansarbeidet, og for ungdomshusa.	Noregs Ungdomslag prøver å vere til stade på alle arenaer der vi kan synleggjere våre fagfelt, og påverke styresmakter og andre.
Arbeide for betre rammevilkår for drifta av ungdomshusa	NU vil i 2012 utarbeide en påverknadsplan for ungdomshus.	Nedlegginga av Norske kulturbygg hausten 2012 har gjort at Noregs Ungdomslag må sjå med nye auge på ungdomshusarbeidet. Styret har satt i gang eit arbeid med å lage ein strategi for korleis vi kan setje ungdomshusspørsmålet høgare på dagsorden. I tillegg har Noregs Ungdomslag vore aktivt til stades på nettverksmøte o.a. i Frivillighet Norge, der m.a. momskompensasjonsordninga blir drøfta.

Generell kommentar til oppfylging av arbeidsprogrammet for 2011-2012

Arbeidsprogrammet for 2011-2012 var eit ambisiøst program, slik det skal vere. Styret hadde ønskt at Noregs Ungdomslag hadde hatt meir ressursar til å besøke lokallaga, for å auke den direkte kontakten med laga, og til å drive aktivt organisasjonsbyggande arbeid. Noregs Ungdomslag har organisasjonspolitiske utfordringar som ein gjerne skulle hatt større ressursar for å imøtekome, m.a. ved å drive meir opplæring og skolering innanfor organisasjonsfaget.

Barne- og ungdomsarbeidet

Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Barn og unge skal finne eit trygt og inkluderande miljø i Noregs Ungdomslag. Dei yngste medlemmene skal få auka medverknad i organisasjonen både lokalt og sentralt.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2011-2012	Årsmelding 2011	Årsmelding 2012
Arbeide for å verve og registrere dei aktive i laga under 26 år som medlemmer.	Vert kontinuerleg arbeidd med.	Vert kontinuerleg arbeidd med.
Bruke dei unge medlemene aktivt i lobby- og synleggjeringsarbeid	Rådet prøver å sende unge medlemmer til aktuelle seminar og konferansar som vi er invitert til. Mellom anna har heile rådet delteke på NSU si leiarsamling hausten 2010, der kontaktar med andre barne- og ungdomsorganisasjonar vart forsterka.	Ingen tillitsvalde har hatt høve til å delta på nokre av samlingane i regi av Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid (NSU), men rådgjevar Andreas Løken, er styremedlem i NSU, og var på konferanse i København. BUR har oppmoda unge NU-medlemmer til å reise på NSU-arrangement.
Sette fokus på demokrati- og organisasjonsopplæring for barn og unge og skipe til skreddarsydde organisasjonskurs for desse.	Invitert til eget kurs for ungdomsdelegatar på Landsmøtet. Arrangert nattdebatt på Sommarleiren med aktuelle tema.	Det blei gjennomført landsmøteførebuing for ungdom i forkant av landsmøtet 2012. Det blei arrangert nattdebatt på Nordisk Sommarleir i Steinkjer. Det vart og planlagt fagseminar for ungdom og dei som arbeider med ungdom, men fagseminara blei avlyst i 2012 grunna lite påmelding.
Arbeide for å sette laga som driv ungdomsklubb i kontakt med kvarandre og syne at ungdomsklubb i NU er ein plass å gjere, ikkje berre ein plass å vere.	BUR har oppretta kontakt med lag som driv ungdomsklubb, men arbeidet med å setje ungdomsklubbane i kontakt med kvarandre har ikkje komme lengre.	Det er førebudd ei spørjeundersøking retta mot lag som driv ungdomsklubb, og denne vil bli gjennomført i 2013. Målet er å kartlegge denne aktiviteten og få eit oversyn over kva behov desse laga har.
Ha sterkare fokus på rekruttering av barn og ungdom til lokallaga, og som tillitsvalde i lokal- og fylkeslag	Lokal- og fylkeslag har fått oppmoding om å sende unge representantar til Landsmøtet.	Lokal- og fylkeslag er oppmoda om å sende unge utsendingar til landsmøtet. I samband med landsmøtet 2012 blei det gjort ei oppteljing av unge utsendingar, og ei oversikt over kor ofte desse var på talarstolen. Det var ei auke av unge utsendingar i høve til åra før, og heile 30% av utsendingane til møtet var under 30 år. Det var også fleire unge enn tidlegare som var aktive på talarstolen. Det er skrive eigen artikkel i Ungdom med fokus på ungt engasjement med utgangspunkt i Landsmøtet.
Saman med dei andre råda vere med på å vidareutvikle sommarleiren i NU til å bli ein viktig møtestad for ungdom	BUR har fått større ansvar for Sommarleiren ved å ha ein eigen representant som samarbeider med NU-kontoret om tilskipinga. Skipa til Sommarleir i Bodø 2011. Vidareutvikla profil og innhald på leiren.	Det har vore arbeidd med å utvikle forma på sommarleiren, og ein har mellom anna gått over til fleire stuttkurs i staden for eitt lengre eitt som deltakarane melder seg på.

		Alle fagråda har vore involvert i prosessen med å sommarleiren, og råda har kome med forslag til kursinnhald. Evalueringa av sommarleiren 2012 har gitt mange gode innspel til vidare utvikling av leiren.
Fungere som eit bindeledd mellom ungdomsringane og det sentrale NU og ha ansvar for kontakt og oppfølging av ungdomsringane.	Har invitert til eige møte mellom alle ungdomsringane på Sommarleir. BUR har lagt sine rådsmøte til ungdomsringssamlingar. Samla gruppene/sidene til dei ulike ungdomsringane på BUR si side på facebook.	Tillitsvalde frå Noregs Ungdomslag har besøkt ungdomsringsamlinga i Oslo hausten 2012. Etter landsmøtet har alle fagråda i NU hatt felles møtestad for sine rådsmøte, og det har gjort at det ikkje har vorte lagt rådsmøter til ungdomsringsamlingar.

Generell kommentar til oppfylging av arbeidsprogrammet for 2011-2012

Barne- og ungdomsrådet er stort sett nøgd med arbeidet som er gjort i perioden. Rådet er særst nøgd med tilskipinga av Nordisk Sommarleir i Steinkjer. Grunna endra møtstruktur har ikkje rådet i like stor grad vore ute blant yngre medlemmer. Det har derimot ført til at rådet har vore meir aktive på sosiale media som facebook, noko som har vore positivt. Dei yngre medlemmane i Noregs Ungdomslag er lette å kome i kontakt med. Samansetninga av rådet er slik at rådet det siste året har hatt liten kontaktflate blant born og unge som driv med andre aktivitetar enn dans og teater. Spesielt ønskjer rådet å nå ut til dei som driv med ungdomsklubb, men me har ikkje nådd like langt som me hadde håpa på. Arbeidet er likevel i gang, noko me er nøgde med.

Barne- og ungdomsrådet har dei siste åra vore eit stabilt og «kontinuerleg» råd, noko som har gjort det lettare å finne vår plass og våre arbeidsoppgåver i organisasjonen. Rådet ser fram til ein ny arbeidsprogramperiode, der fokuset vil bli endå større på dei tinga rådet meiner ein ikkje har arbeidd godt nok med i førre periode.

Folkedansarbeidet

Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Folkedansarbeidet i Noregs Ungdomslag skal vere prega av at lokale og nasjonale aktørar utforskar nye dansearenaer, både sosialt og scenisk. Vi skal vere spesielt nyfikne på våre nye dansekulturar, og gjennom neste periode skal det trekkast nye liner for kva som kan kallast norsk folkedans.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2011-2012	Årsmelding 2011	Årsmelding 2012
Gjennomføre samarbeidsprosjekt med Rådet for folkemusikk og folkedans	<p>I 2011 tok NU og FolkOrg initiativ til å utarbeide ei ny utgreiing på folkedansfeltet i samarbeid med Rff. Johan Einar Bjerkem er tilsett som utgreiiar og Synnøve Jørgensen og Marianne Dahl er i ressursgruppa. Utgreiinga skal vere ferdig våren 2012.</p> <p>Prosjektet Folkedans i kulturskulen har i 2011 gjennomført eit pilotprosjekt i samarbeid med Skogn UL og kulturskulen i Levanger gjennomført. Rapport er ferdig mars, 2012. Halldis Folkedal er tilsett som prosjektleiar. Prosjektet blir vidareført i 2012 med samarbeid med tre lokallag og kulturskular i Hordaland.</p> <p>Rff har nå Bygda dansar-prosjekt i Nord-Trøndelag, Vest Agder og Buskerud. Folkedansrådet samarbeider med prosjektleiarane i Bygda dansar og følgjer prosjekta tett.</p>	<p>I 2012 vart utgreiinga <i>Dansearven</i> publisert, i samarbeid med FolkOrg og Rådet for folkemusikk og folkedans.</p> <p>Rapporten frå pilotprosjektet Folkedans i kulturskulen i Levanger vart publisert hausten 2012.</p> <p>Vidareføringsprosjektet starta opp i Hordaland same året, med finansiering frå Utdanningsdirektoratet, Norsk kulturskoleråd, Rff, Hordaland fylkeskommune, Hordaland folkemusikklag og Hordaland Ungdomslag. Sjølv om ein ikkje lukkast med å starta opp kulturskuletilbod hausten 2012, har ein hatt gode prosessar med synleggjering av lokale dansetradisjonar.</p> <p>I Bygda- dansarprosjektet har NU lokalt samarbeid, i tillegg var prosjektet i Nord-Trøndelag, Trø Te, på Nordlek.</p>
Vidareutvikle Sommarleiren i NU til å bli ein viktig møtestad for ungdom med interesse for folkemusikk og folkedans	Sommarleiren 2011 i Bodø i juli var gjennomført med god deltaking og svært god kvalitet på dansekurset. Folkedansrådet har saman med Barne og ungdomsrådet og kontoret innarbeida ny samarbeidsmodell i forhold til leiren. Denne blei realisert i 2011 og fungerer godt.	Sommaren 2012 var det nordisk sommarleir i Steinkjer, med mange deltakarar. Det nordiske konseptet vart utarbeidd sidan NU også arrangerte Nordlek same sommaren. Nordisk sommarleir var ein suksess, der ein mellom anna har fått gode tilbakemeldingar på modellen med kortkurs.
Marknadsføre instruktør opplæringa i folkedans	<p>Dette blir gjort i Ungdom, Dansarliv og andre media. I tillegg er det utarbeida ei brosjyre.</p> <p>Folkedansrådet har i perioden førebudd oppstart av ny reiseinstruktørordning i folkedans. Denne ordninga kjem i gang i 2012 og vil bidra til god marknadsføring av instruktør opplæringa i NU.</p>	<p>Instruktør opplæringa har vorte marknadsført i Ungdom, Dansarliv og på heimesidene.</p> <p>Reiseinstruktørordninga har vorte prøvd i 2012 (eitt oppdrag), men treng marknadsføring for å nå ut hjå dei lokale laga. Rådet utarbeider ein form for reiseinstruktørordninga i 2013.</p>
Auke deltakinga på instruktør opplæringa i folkedans	I løpet av 2011 har 19 personar deltatt på instruktørkurs i folkedans. 11 av desse fullførte opplæringa si dette året.	På instruktørkurset modul 1 i Bergen var det 12 påmelde på folkedans, medan det på modul 2 i Oslo var 8

	Folkedansrådet arbeider aktivt for å auke deltakinga på kurs generelt i NU. På Fagseminaret i Bergen i februar var temaet: Improvisasjon og turdans frå Trøndelag med Silje Onstad Hålien, Tor Stallvik, Vegar Vårdal og Einar Olav Larsen. Deltakinga og evalueringa var god.	påmelde. Ein ser utfordringar i forhold til oppslutnad om kursa, rådet vil i 2013 setja i gang ein prosess med evaluering av instruktørutdanninga.
Gjennomføre kurs for lærarar og aktuelle instruktørar i organisasjonen knytt til prosjektet "Danselyst"	Det har ikkje vore noko kurs i 2011. Danselyst er for første gong på pensumlista til vidareutdanningskurset Innføring i norsk folkedans, NTNU-videre. Frå 2012 blir Danselyst sentral i reiseinstruktørordninga.	Det var planlagt å gjennomføre kurs under fagseminaret, men trass i godt program vart fagseminaret diverre avlyst grunna lite påmelding.
Gjennomføre nordisk prosjekt med framsyning under Nordlek 2012	Her er prosjektet Nordic Dance starta opp med første av 7 helgesamlingar i mai. , Musikarar og dansarar frå dei nordiske landa skal saman med Vegar Vårdal og Paula Kettu lage ei danseframsyning. Dei vil ha premiere på dette samarbeidet under Nordlek 2012 i Steinkjer. Nina Fjeldet er tilsett som prosjektleiar. I tillegg har NU gjennomført prosjektet Dance Mission 2011. Her deltok talentfull unge folkedansarar frå Austlandet. Saman med Torill Schinstad og Marianne Dahl laga dei ei danseframsyning med premiere på Norsk Amatørteaterfestival i mai 2011. Prosjektet var også engasjert under Barnlek 2011. Prosjektet var svært vellukka og hausta mykje merksemd.	Dette prosjektet er eigd av NU, men skjer i samarbeid med nordiske samarbeidspartnarar. Nordic Dance var eit friskt pust i organisasjonen som fekk nasjonal merksemd på NRK-programmet <i>Stjernekamp</i> . Prosjektet var ein suksess, som også opna opp tankar for meir nordisk samarbeid hjå dei nordiske samarbeidsorganisasjonane våre. Ein har førebelse tankar om vidareføring av det NU-eigde prosjektet, med forestilling til Nordlek i 2015. Det er også tankar om at ein kan opna opp prosjektet slik at også vestnorden kan verta integrert.
Samarbeide med Stiftelsen Hilmar Aleksandersen om førebuing til Nordlek 2012 i Steinkjer	Folkedansrådet samarbeida med Nord Trøndelag kulturvernråd om seminaret "Song og dans" under Hilmarfestivalen i november. Her deltok dansarar frå Færøyane og Noreg. Nasjonale Nordlek-komite har ansvaret for dei norske oppgåvene under Nordlek 2012. Dei har også fått ansvaret for å kvalitetssikre programmet. Kontoret har tett kontakt med komiteen og dei tilsette i Nordlek 2012.	NU og Stiftinga Hilmar Alexandersen gjennomførte Nordlek med overskot. Stiftinga Hilmar Alexandersen vart også nominert til årets arrangør for Nordlek. Nominasjonen skjedde i regi av FolkOrg.
Synleggjere kor viktig folkedansarbeidet i Noregs Ungdomslag er overfor andre organisasjonar og styresmakter	Lobbyverksemda i NU har dei siste åra hatt stort fokus på folkedansen. Dette året har vi hatt som mål å få tilskotet til folkedansarbeidet samla direkte frå kulturdepartementet. Dette har vi klart. 92 deltok på Barnlek i Danmark 13.-17.juli. Dette er noko mindre deltaking enn før. Prosjektet Dance	Prosjektet Nordic Dance har synleggjort organisasjonen på Stjernekamp og har opna opp det nordiske samarbeidet innanfor sjangeren.

	<p>Mission 2011 var engasjert for å bidra med danseleiing, kurslærarar og vise danseframsyninga si. NU markerte seg godt gjennom desse ungdomane.</p> <p>Dance Mission hadde også framsyning med stor suksess under Norsk Amatørteaterfestival 2011.</p>	
Utarbeide ein folkedanspolitisk plattform	Ei folkedanspolitisk plattform er no ferdig og godkjend av landsmøtet i 2011.	Plattformen vart ferdig i 2011 og ligg til grunn for målplan og handlingsplan
Vidareføre prosjektet Folkedansfeber i regionar som skal ha Bygda dansar-prosjekt	Folkedansrådet har ikkje sett i gang Folkedansfeberprosjekt i 2011, men brukt året for å førebu oppstart på Austlandet våren 2012. Prosjektleiingar og instruktørar blir Torill Schinstad og Marianne Dahl.	Folkedansfeber har vorte starta på sørlege deler av Austlandet, prosjektet held fram i 2013.
Vidareutvikle Folkedansfestivalen og etablere eit varemerke som den beste folkedansarenaen i landet	<p>Folkedansfestivalen i Bodø var vellukka med gode dansearenaer og attendemeldingar. Framsyningskapleiken samla full sal med publikum, og dansekursen var fullsatt.</p> <p>Folkedansrådet har arbeida med å utarbeide rettleiing i forhold til Leikfesten, samt tilpasse Framsyningskapleiken til Nordlek 2012.</p> <p>Ei større evaluering av festivalkonseptet blei gjort hausten 2011. Nytt styringsdokument og verktøy for festivalen blei utarbeida på grunnlag av denne. Styringsdokumentet blei vedtatt av styret i januar 2012.</p>	<p>Nordlek vart arrangert sommaren 2012, og det vart difor ikkje arrangert folkedansfestival same sommar.</p> <p>Under Nordlek arrangerte ein nordisk framsyningskapleik.</p> <p>Folkedansfestivalen 2013 vart arrangert i Kongsberg i samarbeid med BUL Kongsberg. Planlegginga av dette arrangementet var i full gang hausten 2012. Ei evaluering av Folkedansfestivalen som konsept vart sett i gang i desember 2012.</p>

Generell kommentar til oppfylging av arbeidsprogrammet for 2011-2012

I løpet av arbeidsprogramperioden 2011- 2012 har det skjedd mykje gledeleg barne- og ungdomsarbeid knytt til folkedans i Noregs Ungdomslag. Sommarleiren har mange deltakarar, og leiren har i løpet av perioden både prøvd ut ei nordisk vinkling og konseptet med kortkurs. NU har også drive to store prosjekt i perioden, prosjektet Folkedans i kulturskulen og Nordic Dance. Både desse kursa har hatt eigne prosjektleiingar, og er viktige prosjekt å ta med seg i utviklingsarbeidet både for folkedansen i landet, og for NU som organisasjon.

Arbeidsprogrammet har nokre delpunkt som går på instruktørutdanning og reiseinstruktørordninga. I løpet av perioden har ein sett at dei sentrale kursa har utfordringar med å nå fram til lokallaga i organisasjonen. Dette gjer at det er utfordringar med å få deltakarar på instruktørkursen og med å få synleggjort reiseinstruktørordninga til lag og medlemmer. Ei evaluering av dette er starta og ein vil i neste arbeidsperiode kunne gå inn på vidare strategiar for dette arbeidet. Ei evaluering er også sett i gang i forhold til Folkedansfestivalen, der ein særleg skal arbeida med å få prosjektleiingar til festivalen og arbeida med lengre tidsperspektiv enn kva det har vorte gjort til no.

Teaterarbeidet

Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Det sceniske uttrykket i amatørteatret skal spegle mangfoldet i samfunnet. Alle som vil skal kunne bidra i teaterarbeidet på sine premisser med sine ressursar. Nettverket mellom lokallaga skal styrkast slik at lokallaga kan dra nytte av den totale kompetansen organisasjonen forvaltar. Noregs Ungdomslag skal ha fokus på kvalitet i teaterarbeidet.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2011-2012	Årsmelding 2011	Årsmelding 2012
Styrke instruktørkompetansen i organisasjonen ved å gjennomføre instruktør opplæring	Planen var å gjennomføre instruktørkurs modul 1 og 2. Dessverre gjekk begge to ut på grunn av for få påmelde. Teaterrådet har i fleire møte diskutert korleis ein kan rekruttere fleire til desse kursa så dei faktisk blir gjennomførte.	Instruktørkurs modul 1 og 2 vart gjennomført med eit greitt tal deltakar. Det blir arbeid aktivt med rekruttering til desse kursa, og det blir også drøfta om kursa kan gjennomførast på ein annan måte for å få fleire deltakarar.
Auke kursverksemda i organisasjonen. Dette vil vi oppnå igjennom å skipe til sentrale kurs og igjennom samarbeid med lokal og fylkeslag.	Det var kurs i barneteater under fagseminaret i Bergen i mars, i tillegg heldt reiseinstruktørordninga fram. Det var også eit heildagseminar om barneteater fredagen og laurdagen under Amatørteaterfestivalen og ein workshop- karusell laurdagen med fire ulike kurs; Yoga, poesislam, bollywooddans og improvisasjon. Som del av festivalen var det også eit skrivekurs for ungdom. Teaterprogrammet på sommarleiren var eit filmkurs med ti deltakarar. I 2011 har det vore eit auka fokus på barneteater på kurssida, og mange av kursa har vore samarbeidsprosjekt mellom NU sentralt og lokal/fylkeslag, og krefter utanfrå.	Det var ikkje amatørteaterfestival i 2012 og <i>Fagseminaret</i> vart avlyst. Det var difor berre instruktør opplæringsmodulane og kursa på sommarleiren som var på sentralt nivå. Desse vart gjennomført på eit tilfredsstillande vis og deltakarar har vore nøgde.
Vidareutvikle Sommarleiren i NU til å bli ein viktig møtestad for ungdom med interesse for teater.	Sommarleiren vart gjennomført i Bodø og var ein stor suksess. Teaterungdommen jobba med eit filmkurs som resulterte i til saman fire kortfilmar og ein leirfilm som blei vist fram på slutten av leiren. Det var 10 ungdommar med på dette kurset og dette var eit greitt tal for å få gjennomført prosjektet.	Sommarleiren vart gjennomført i Steinkjer og var ein stor suksess. Teaterkursa var varierte og var også av interesse for ungdom som ikkje hadde drive mykje med teater frå før. Teaterrådet har også diskutert utover hausten kva kurs som kan vera aktuelle i 2013.
Synleggjere kor viktig teaterarbeidet i Noreg Ungdomslag er ovanfor andre organisasjonar og styresmakter.	Ynskjet her var å etablere kontakt med organisasjonar som ikkje hadde teaterkontakt. Det var dessverre ikkje gjort mykje under dette punktet anna enn at det er sendt ut informasjon om instruktør opplæringskurs til kommunane og andre barne- og ungdomsorganisasjonar.	
Gjennomføre Norsk Amatørteaterfestival i 2011 saman med Det Norske Teatret. I samband med festivalen skal	Norsk Amatørteaterfestival vart gjennomført nesten knirkefritt. Ti grupper med ulik bakgrunn spela på Det	Det var ingen festival i 2012 og festivalen i 2013 er utsett til 2014. Dette skuldast at Det Norske Teatret feirar 100-

det gjennomførast minst eit prosjekt som utfordrar oss fagleg. Deltakinga frå lokallag skal aukast og festivalen skal bli meir synleg.	Norske Teatret 24.- 28. mai. Sjå sentrale tilskipingar.	årsjubilum i 2013, og dei hadde difor ikkje kapasitet til å huse festivalen dette året. 2013 vil i staden bli nytta il å evaluere festivalen og gjera den attraktiv for fleire interne (og eksterne) grupper.
Gjennomføre tiltak der inkludering og auka mangfald står sentralt mellom anna gjennom å delta i arbeidet med Den mangfaldige scenen.	Pilotprosjektet Den mangfaldige scenen vart vidareført i 2011 i samarbeid med Det Norske Teatret og Bondeungdomslaget i Oslo. På eit strategisk nivå har det særleg vore arbeidd med å sikre finansiering for varig drift av tilbodet. Prosjektet inngår no i teatret si store satsing ”Det Multinorske,” som også omfattar ein planlagt elevskule for personar med minoritetsbakgrunn. Det blei også via Frivillighet Norge sitt hospiteringsprosjekt gjennomført eit teaterprosjekt med Somaliland Woman Solidarity Association. Dette resulterte i ei framsyning som vart synt i teatersalen til BUL Oslo i desember.	Pilotprosjektet <i>Den mangfaldige scenen</i> (DMS) vart vidareført i 2012 i samarbeid med Det Norske Teatret og Bondeungdomslaget i Oslo. På eit strategisk nivå har det særleg vore arbeidd med å sikre finansiering for varig drift av tilbodet. DMS mottok no driftsmidlar gjennom det Norske Teatret sitt statstilskot, og tilbodet vil sannsynlegvis bli etablert som ei eiga juridisk eining i første kvartal 2013.
Arbeide for utvikling av ny norsk dramatik og scenisk uttrykk med utgangspunkt i folkedans og folkemusikk.	Eirik Fauske skreiv stykket <i>Stakkars stakkars deg</i> spesielt til Norsk Amatørteaterfestival 2011. Dette vart sett opp av Teaterlaget i BUL Oslo. Planen var å få i gang ein diskusjon med både Folkedansrådet og Barne- og ungdomsrådet om eit fellesprosjekt, til dømes med ungdomsring innanfor teater. Dette er dessverre ikkje jobba vidare med, men Teaterrådet ynskjer å ta ideane med seg vidare.	Det har dessverre ikkje vorte arbeid noko meir med fellesprosjekt råda imellom. Det har vore meir fokus på trekke fram tverrfaglege sceneprojekt på lokalt nivå.
Auke lokallaga sin bruk av vaksenopplæring i teaterarbeidet.	Mange lag er flinke til å søke vaksenopplæringsmidlar, men potensialet er stort for auka tilskot til det lokale teaterarbeidet.	Det har vore arbeidd med å formidle korleis vaksenopplæringsmidlar kan nyttast i ulike formar i ein teaterproduksjon. Mellom anna har ein sett krav om at lag som får reiseinstruktør frå NU må melde inn tiltaket til Studieforbundet kultur og tradisjon som eit opplæringstiltak.
Gjennomføre teaterfaglege samarbeidsprosjekt med eitt eller fleire lokallag,		Vidareutviklinga av <i>Den mangfaldige scenen</i> er det einaste større prosjektet som kjem innunder denne kategorien.
Vidareføre satsing på reiseinstruktør i teaterarbeidet	Reiseinstruktørordninga har fortsett også i 2011. Eigenandelen for gruppene er framleis på 4000 kroner. Reiseinstruktørane hadde i år fem lokalbesøk: Mjeldalen, januar; Voss , oktober; Hellsylt, oktober, november og	Reiseinstruktørordninga har halde fram i 2012 og har vore ein stor suksess. Reiseinstruktørane hadde i år åtte besøk: Januar; Mjeldalen(barnegruppa) og Rogaland (storkurs i Stavanger), april; Froland og Masfjorden,

	desember.	september; Nordsinni og Sandeid, november; Mjeldalen (vaksengruppa) og Skare (45 deltakarar, 2 instruktørar).
Utvikle materiell for bruk i det lokale teaterarbeidet	Reiseinstruktørane Trine Merete Sjølyst og Jan Fredrik G. Henriksen har utvikla eit tipshefte for teaterinstruktørar på grunnlag av og i utgangspunkt i besøk til lokallaga. I dette heftet finn lesaren tips til korleis ein skal drive ei gruppe, leggje opp produksjonsperioden og konkrete øvingar og leikar som instruktørane kan ha på repertoaret. Dette hefte vart ferdig i oktober 2011 og vil i stor grad bli distribuert elektronisk. Årsaka til dette er at då blir det lettare å endre på om noko burde leggest til då dette framleis er eit pågåande prosjekt. Hefte skal trykkast våren 2012.	Det blir framleis jobba med tipsheftet frå reiseinstruktørane.
Vere ein aktiv samarbeidspartnar i paraplyen Norsk Teaterråd og spesielt fokusere på korleis amatørteater kan løftast organisatorisk på regionalt nivå.	Medlemer av Teaterrådet var med på årsmøtet til Norsk Teaterråd. Alle medlemene av Teaterrådet var også til stades under Tromsø Dialog, juli 2011. Teaterrådet har ikkje arbeidd aktivt med å få amatørteater opp på eit organisatorisk og regionalt nivå.	Noregs Ungdomslag var til stade på Norsk teaterråd sin leiarkonferanse hausten 2012, der det var særskilt fokus på mangfaldsarbeid innan amatørteater, og korleis ein kan vidareutvikle det arbeidet frå sentralt hald.

Generell kommentar til oppfylling av arbeidsprogrammet for 2011-2012

Teaterrådet har i 2011 og 2012 vore involvert i dei sentrale tilskippingane der teater har vore aktuelt. Kanskje viktigast var gjennomføringa av Norsk Amatørteaterfestival på Det Norske Teatret i mai 2011 med eit eige stykke skrive til og framført på festivalen. Reiseinstruktørordninga har gått sin gang og er meir populær enn nokon gong. Sjølv om det ikkje er sett i gang nye prosjekt er rådet nøgd med å ha gjennomført festivalen og dei andre tilskippingane.

Eit viktig kontinuerleg arbeid har vore å finne ut av korleis teaterarbeidet kan syneleggjerast både i og utanfor NU: Dette er eit arbeid teaterrådet tek med seg inn i neste periode, både i det kontinuerlege arbeidet og i arbeidet med tilskippingar og andre prosjekt.

Bunadsarbeidet

Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Bunadsmiljøet i Noregs ungdomslag skal vere spennande, mangfaldig og inkluderande. Vi skal halde fram arbeidet med bunadsopplæringa og gje grunnkunnskap til nye og gamle tradisjonsberarar.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2011-2012	Årsmelding 2011	Årsmelding 2012
Fokusere på bunadsbruk på alle arenaer/møteplassar i organisasjonen.	Ikkje prioritert å jobbe med i 2011	Bunadsrådet i Noregs Ungdomslag var ansvarleg for bunadspresentasjonen under stemnetoget i samband med Nordlek på Steinkjer i juli 2012.
Vere til stades på arenaer for handverk og bunad, og jobbe tett opp mot dei andre interesserorganisasjonane.	Rådet har halde kontakt med Norges Husflidslag, Sylvsmidja på Voss og andre aktørar innafør feltet.	Noregs Ungdomslag var representert på Nordisk draktseminar i Vorå i Finland i august.
Opprette eit webbasert nettverk for alle bunadsinteresserte i organisasjonen.	Rådet har arbeidd med å få på plass eit webbasert nettverk i 2011	Arbeidet med dette pågjekk gjennom heile 2012.
Inspirere deltakarane i den nye bunadsopplæringa til å melde seg inn i NU og eventuelt starte opp nye bunadsnemnder rundt i landet.	Informasjon om laget og arbeidet me driv har vore gitt til alle deltakarane på opplæringa.	Informasjon om laget og arbeidet me driv har vore gitt til alle deltakarane på opplæringa.
Gjennomføre tematurar for å inspirere bunad- og handverksinteresserte, og bygge eit nettverk.	Grunna manglande interesse vart det ikkje gjennomført tur i 2011.	Det vart ikkje gjennomført tematur i 2012
Gjennomføre dei modulane vi har fått ansvar for i den nye bunadsopplæringa saman med Norges Husflidslag, FOLK og Bunad- og Folkedraktrådet, samt evaluere og utvikle utdanninga.	NU var ansvarleg for modul 5 i bunadsopplæringa i 2011.	Noregs Ungdomslag gjennomførte møte med dei andre aktørane i 2012, men hadde ikkje ansvar for nokon modular i samband med opplæringa.
Jobbe tettare saman med, og auke kontakten med bunadnemnder på lokal og fylkesplan for å auke aktiviteten og inspirere til seminar og kurs. Målet er to regionale seminar per år.	Me deltok på storkurs på Voss i regi av Hordaland Ungdomslag i oktober.	Bunadsrådet deltok på bunadsdelen av storkurset til Rogaland Ungdomslag i Stavanger i januar.
Arrangere debattar på dei ulike møteplassane i organisasjonen.	Det vart gjennomført bunadsseminar knytt til bryllaupstradisjonar i samband med Fagseminara.	Fagseminaret i 2012 vart avlyst grunna manglande oppslutning.
Vere aktiv og engasjert i bunadspolitiske spørsmål	Me har vore i kontakt med fylkeslag i diskusjon om utflagging av bunadsproduksjon.	Noregs Ungdomslag er med i eit samarbeid saman med Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum og Norsk institutt for bunad og folkedrakt om moglege samarbeidsarenaer innanfor bunadsarbeidet.

Generell kommentar til oppfylging av arbeidsprogrammet for 2011-2012

Bunadsrådet har i perioden 2011-2012 vore med på å ta vare på den delen av den immaterielle kulturarven som bunaden står for. Me har hatt høve til å synleggjere arbeidet vårt gjennom ymse arrangement. Nettverksbygging har vore viktig for rådet både regionalt og gjennom samarbeid med nærskylde organisasjonar.

2 Sentrale tilskipingar

Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år.

Temaet for tevlinga i 2012 var populærmusikk gjennom 50 år (1962-2012). I 2012 tok Noregs Ungdomslag hand om alle delar av gjennomføringa. Tidlegare vart studieheftet utarbeidd eksternt, men i 2012 brekte ein det internt. Det vart hyra inn ekstrahjelp til å lage spørsmål/svar, sende ut materiell og registrere resultat.

Det deltok 80 lag og 452 deltakarar i seniorklassa, ein klar vekst frå 2011 då det deltok 65 lag med til saman 362 deltakarar. I juniorklassa deltok 28 grupper med 189 deltakarar. Dette til samanlikning med 2011, då det deltok 4 grupper med til saman 29 deltakarar. I tillegg stiller laga med dommarar, tevlingsleiar og publikum. Vinnar i seniorklassen var Bergen Ungdomslag Ervingen, og vinnar av juniorklassen var Dokka Ungdomsskole.

Instruktøropplæringa

I 2012 fullførte 2 personar instruktøropplæringa i folkedans og 6 i teater. I tillegg deltok 18 (folkedans) og 10 (teater) berre på ein av modulane.

Modul 1, Bergen, 23.-25.mars 2012

Bjarte Sæbø og Ina Cyrus var instruktørar på folkedanskurset. Hilde Fjerdingøy var spelekvinne. Lina Killingdalen var instruktør på teaterkurset. Kursa fekk svært gode tilbakemeldingar.

Modul 2, Oslo, 5.-7. oktober 2012.

Sigurd Johan Eide og Anna Gjendem var instruktørar på folkedanskurset. Nina Fjeldet var spelekvinne. Lina Killingdalen var instruktør på teaterkurset. Kursa fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Norsk amatørteaterfestival

Norsk amatørteaterfestival blir arrangert kvart andre år, i samarbeid med Det Norske Teatret. Sist gong festivalen vart gjennomført var i 2011, og etter planen skulle neste festival gjennomførast først i 2013. Sidan Det Norske Teatret markerer 100-årsjubileum i 2013, blir neste festival utsett til 2014.

Sommarleiren

Sommarleiren er ei vidareføring av det som tidlegare var Noregs Ungdomsring (NUR), der ungdomar mellom 14 og 26 år møtest for å bli kjend og utvikle seg fagleg og personleg. I 2012 var sommarleiren eit nordisk arrangement, der ungdomar frå alle dei nordiske landa var invitert.

Sommarleiren vart gjennomført 6.-10. juli, i framkant av Nordlek 2012 i Steinkjer. Det vart invitert til kurs i teater og dans. Barne- og ungdomsrådet (BUR) i NU hadde det øvste ansvaret for utviklinga av leiren. Torbjørn Lauen frå BUR var leirsjef og stod i samarbeid med administrasjonen i NU for planlegginga av leiren. Det var også tilsett ein prosjektleiar (Michael Stave) i 20% stilling frå mars til juli. Prosjektleiaren tok seg av mykje av arbeidet rundt logistikk og avtalar med lærarar. Fleire ungdomar i den øvre delen av aldersmålgruppa deltok i leinga av leiren som såkalla "poteter" Desse hadde eit ekstra ansvar for det sosiale og hjelpte elles til med praktisk gjennomføring.

Det var i alt 82 betalande deltakarar frå fire av dei nordiske landa med på leiren. Det vart skipa til 40 kortkurs i løpet av dei tre kursdagane. Innhaldet i kursa var fordelt på dans, musikk og teater. Deltakarane kunne velje kurs på tvers av fagfelte. Dette gjorde at mange valde kurs innanfor andre fagfelt enn det dei vanlegvis er med på, i tillegg til at deltakarane vart kjende på tvers av fagfelte. Fleire av kursa var planlagt utifrå eit nordisk perspektiv der ein til dømes såg på likskap og ulikskapar i dei nordiske kulturuttrykka. Heidersmedlem Gunnar Rødal vitja også i 2013 sommarleiren med eit populært munnharpekurs.

Deltakarane på sommarleiren er sjølv ansvarlege for den aktiviteten som skjer utanfor kursa. Dette gjer dei gjennom ulike deltakargrupper som ein kan melde seg



på når ein kjem til leiren. Mellom anna vart det gjennomført nattdebatt, dansekveldar, temakveldar, leirfest og leirmeisterskap i teatersport.

Strukturen og rutinane for gjennomføringa av sommarleiren er no etablerte, og ser ut til å fungere godt både i forhold til forarbeid, tryggleik og praktisk gjennomføring. Modellen med fleire kortkurs vert vidareført også i 2013. I planlegginga hadde BUR ein ambisjon om å få 200 deltakarar totalt. Dette talet nådde vi ikkje, men det totale tal på deltakarar passa godt til kursa og lokalitetane.

Sommarleiren var finansiert gjennom deltakaravgift, støtte frå Nordbuk, Studieforbundet kultur og tradisjon og LNU Kulturmidlane. Kostnadene knytt til administrasjon og tilrettelegging gjekk over Noregs Ungdomslag sitt driftsbudsjett.

Lokal teknisk tilskipar var BUL Steinkjer og Nordlek 2012. BUL Steinkjer sto for lokalkunnskap og dugnadshjelp til vakthald og matsservering. Dette samarbeidet fungerte godt. Gjennom Nordlek 2012 vart det gjort avtalar om matsservering og lokalitetar for leiren.

Folkedansfestivalen

Det vart ikkje gjennomført Folkedansfestival i 2012, sidan Noreg var vertskap for Nordlek 2012.

Nordlek 2012

Det nordiske folkedansstemnet Nordlek blir arrangert på omgang mellom Finland, Sverige, Danmark og Noreg. Noreg er arrangør kvart 12. år, og Nordlek 2012 vart arrangert på Steinkjer 10.-15. juli. Ca. 2000 personar frå heile Norden var innom på over 200 enkeltarrangement, og 25 000 var til saman innom dei ulike arrangementa. Stiftinga Hilmar Alexandersen var lokal arrangør og gjorde ein stor og god jobb gjennom fleire år med å lage visjonar og målsettingar og med å organisere dei 400 frivillige. Kvar nemnd laga også sine egne visjonar og mål, og BUL Steinkjer var sentral i frivilligapparatet.

Stemnet starta med ein storslagen opningsseremoni med bestillingsverk både på musikk og dansesida. Arrangørane nyskapte mykje av innhaldet i stemnet gjennom

danseforestillingar, konsertar og dei store publikumsarrangementa. Nye prosjekt som *Nordic Dance*, *Nordisk Glød*, *På* og *Polskan i Norden* vart sett i bruk og stadionframsyninga vart totalt omskapt og delt opp i tre. Det var dans i fire salar samtidig på kveldane, og det var mange kurs og utflukter og ei stor bunadsutstilling, samt eit nyskapande torgarrangement med mellom anna nordisk meisterskap i framsyningsdans og nordisk meisterskap i dansespel.

Stemnet var også nyskapande i form av at det var hyra inn profesjonelle musikarar og dansekrefter til å stå på scena. Stemnet bygde på Trøndelagsmodellen på den måten at profesjonelt og frivillig arbeid flaut saman på ein heilt annan måte enn det er gjort på tidlegare Nordlek-stemner.

Trøndelag Forsking og Utvikling AS har laga ein uavhengig forskingsrapport som mellom anna slår fast at det vart skapt økonomiske ringverknader for nesten 10 mill. kroner. Dette var det nordlegaste Nordlek-stemnet som nokon gong er arrangert og Steinkjer er den minste byen som nokon gong har arrangert Nordlek.

Stemnet hadde ei omsetning på i overkant av 6 mill. kroner og gjekk med kr. 114.497 i overskot. Overskotet blei delt likt mellom Noregs Ungdomslag og Stiftinga Hilmar Alexandersen.

Fagseminara

I 2012 vart det gjort eit større arbeid med å legge om fagseminara, i samband med at dette vart flytta frå vårhalvåret til hausthalvåret. Det vart inngått avtale med Riksscenen i Oslo om leige av kurs- og møtelokale. Tidlegare har det vorte tilbydd eit lengre kurs innanfor kvart av fagfelt, men det nye konseptet var no at kvart fagfelt tilbydde 3-4 kortkurs. Desse kursa kunne takast samanhengande, eller så kunne deltakarane velje ulike kortkurs frå ulike fagfelt, og sjølv bestemme om ein ville ta eitt eller fleire kurs.

Dessverre så svikta påmeldinga til fagseminara, så dette måtte avlysast. Basert på tilbakemeldingar frå enkeltpersonar og fagmiljø har ein framleis tru på det nye konseptet, og ein vil difor prøve det same opplegget for hausten 2013.

3 Informasjonsarbeid og interessepolitikk

Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar i 2012 har vore medlemsbladet Ungdom, heimesidene til NU, Nordisk sommarleir og Nordlek 2012, lagssendingar med NU-kontakt og brosjyrar om sentrale tilskipingar.

Noregs Ungdomslag har nytta seg av fleire ulike sosiale medier. På Facebook blir saker frå ungdomslag.no lagt ut, i tillegg til andre oppdateringar, bilete frå arrangement og informasjon til tilhengarane. Arbeidet med å formidle dokumentasjon av aktiviteten vår gjennom å leggje ut bilete på Flickr.com har halde fram i 2012. NU nyttar seg òg av mikrobloggloysinga Twitter.

Ungdom har hatt eit opplag på opptil 6.700 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2012. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemmer laga har registrert i medlemsregisteret. Det er arbeidd vidare med å utvikle bladet, mellom anna med tanke på grafisk utforming, utval av saker og papirtype. Fleire medlemmer og tillitsvalde har levert bidrag til medlemsbladet. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag.

Vi har halde fram samarbeid med Norsk Barneblad(NB), der alle barnemedlemmer i NU får Norsk Barneblad i staden for Ungdom. I bladet er 4 sider sett av til våre nyheiter og saker. Samarbeidet med NB har også i 2012 vore godt.

Medieoppslag

- Endre Kleiveland vart intervjuet av Nationen i samband med at han var innstilt som leiar i NU. Eit tresiders portrettintervju var på trykk 21. april
- Endre Kleiveland hadde i juli ein kronikk på trykk i Bergens Tidende, med tittelen "Folkedans på blå resept."
- Ulike små oppslag i lokalaviser.

Interessepolitikk

Noregs Ungdomslag deltek aktivt i ulike samarbeidsorgan for å fremje felles saker ovanfor politikarar, styresmakter og andre. Ein viktig interessepolitisk aktør er Frivillighet Norge, og NU har delteke fast i nettverksmøta for skatt og avgift (som m.a. koordinerer frivilligheita sitt arbeid med momskompensasjon.)

4 Medlemer, lokallag og fylkeslag

Dokumentasjon av aktivitet og medlemstal i lokallaga er eit særst viktig arbeid. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralleddet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet gjennom Norsk teaterråd.

Tal medlemslag og medlemer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar. Laga sine årsrapportar dannar grunnlag for denne statistikken.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. Over 300 av laga har eige hus og medlemmene legg ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

Fylkeslaga

Ved utgangen av 2012 var 22 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag, etter at Hallingdal Ungdomslag blei lagt ned i løpet av året.

Minimumsoppgåver

Årsmøtet i 2009 vedtok eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Lokallaga

Ved utgangen av 2012 var det 402 registrerte lag i organisasjonen.

Det har ikkje kome til nye medlemslag i løpet av 2012, og ingen lagt har heller meldt seg ut.

Medlemene

I 2012 var det totalt 13.262 medlemer i Noregs Ungdomslag.

→ Dette er ein nedgang på 770 medlemer frå 2011.

Av det totale medlemstalet var 5.020 medlemer under 26 år.

→ Dette er ein nedgang på 223 medlemer under 26 år, frå 2011.

Medlemstalsutvikling dei siste fem åra:

	2008	2009	2010	* 2011	2012
Under 26 år	5.970	6.269	6.246	5.215	5.143
Over 26 år	10.703	10.687	10.516	8.928	8.407
Sum	16.643	16.956	16.762	14.143	13.550

* Innføring av nytt medlemsregister i 2011, medførte m.a. ein ny måte å registrere medlemer på. I det gamle systemet vart personar ståande som medlemer til dei vart sletta. I det nye systemet må derimot medlemene fornyast aktivt kvart år. Dette gjorde at det vart ein nedgang i talet registrerte medlemer frå 2010 til 2011, sjølv om det faktiske medlemstalet sannsynlegvis ikkje gjekk ned noko vesentleg.

Medlemstal per 31.12.2012 fordelt på fylkeslaga:

Fylkeslag	Barn (0-14 år)	Ungdom (15-25 år)	Sum under 26 år	26-97 år	Totalt 2012	Totalt 2011	Endring 2011-2012
Troms Ungdomsfylking	197	111	308	543	851	844	7
Nordland Ungdomsfylking	96	21	117	327	444	422	22
Hålogaland Ungdomslag	88	42	130	234	364	363	1
Naumdøla Ungdomslag	124	47	171	114	285	227	58
Inntrøndelag Ungdomssamlag	192	98	290	351	641	649	-8
Sør-Trøndelag Ungdomslag	111	91	202	207	409	467	-58
Nordmøre Ungdomslag	170	70	240	389	629	654	-25
Romsdal Ungdomssamlag	59	69	128	250	378	453	-75
Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	438	103	541	507	1.048	1.201	-153
Sogn og Fjordane Ungdomslag	323	211	535	694	1.229	1.263	-34
Hordaland Ungdomslag	488	245	733	1.173	1.906	2.070	-164
Rogaland Ungdomslag	177	70	247	533	780	734	46
Vest-Agder Ungdomslag	184	63	247	588	835	844	-9
Aust-Agder Ungdomslag	171	35	206	436	642	636	6
Telemark Ungdomslag	142	26	168	252	420	446	-26
Valdres Ungdomslag	55	29	84	94	178	171	7
Oppland Ungdomslag	34	18	52	147	199	214	-15
Østerdal Ungdomslag	9	6	15	100	115	136	-21
Fylkeslaget Varden	4	4	8	85	93	112	-19
Eidsiva fylkeslag	41	12	53	124	177	164	13
Bygdelagssamskipnaden	369	111	480	799	1.279	1.345	-66
Finnmark Ungdomslag	0	0	0	48	47	48	-1
Direkteinnmeldte lag	130	57	187	402	589	660	-71
Direktemedlemer	2	0	2	10	12	20	-8
Sum	3.604	1.539	5.143	8.407	13.550	14.143	-593

5 Ungdomshus og lagsbruk

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna og for organisasjonen.

Norske kulturbygg

Norske kulturbygg har vore samarbeids- og tenesteorganisasjonen for forretningsverksemd (lagsbruk) og lagshusdrift (ungdomshus) i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Ungdomshusa i NU har vore kollektivt medlem gjennom landslaget. Norske kulturbygg si oppgåve har vore å gje fagleg, økonomisk og juridisk rådgjeving.

Hausten 2012 vart Norske kulturbygg lagt ned. Bakgrunnen var at det økonomiske situasjonen til slutt gjorde det umogleg å halde fram drifta, etter at organisasjonen ikkje lengre mottok driftstilskot frå staten.

Norske kulturbygg har ei lang historia frå skipinga av Lagsbruksnemnda i 1949, via Lagsbruksamskipnaden frå 1979 og Norske Lagsbruk (1997). I 2009 skifta organisasjonen namn til Norske kulturbygg. Sidan slutten av nittitalet har meir og meir av arbeidet vore retta inn mot ungdomshusa i Noregs Ungdomslag. På avviklingstidspunktet var det Noregs Ungdomslag, Noregs mållag og seks lagsbruk som ar aktive medlemmer, i tillegg til NU sine vel 300 ungdomshus.

Norske kulturbygg har vore viktig for lagsbruka og dei siste tiåra spesielt for ungdomshusa med fagleg rådgjeving, huskurs, fagleg samarbeid og arbeid opp mot styresmakter og fagmiljø. Dette må no Noregs Ungdomslag stå for åleine. NU arbeider med å få oppretthalde medlemsfordelar vi har hatt i KNIF, gjennom medlemskapet i Norske kulturbygg og NSRM (Norsk senter for rusfri miljøutvikling), som begge er lagt ned.

Avviklingsårsmøtet i Norske kulturbygg vedtok å overføre eigenkapitalen til organisasjonen på kr 210.000 til Noregs Ungdomslag, øymerka arbeid med utvikling av ungdomshusa og rusfrie samlingsstader. Midlane er ikkje disponert av styret pr 31.12., men er balanseført som eigenkapital med sjølvpålagde restriksjonar.

Lagsbruk

Norske kulturbygg har dei siste åra arbeidd for å skaffe finansiering til eit prosjekt for å dokumentere lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs mållag, og har motteke eit tilskot på kr 150.000 frå Norsk kulturråd til eit forprosjekt. Ansvar for forprosjektet er overført Noregs Ungdomslag, og arbeidet vil bli gjennomført våren 2013.

I 2012 mottok Noregs Ungdomslag kr 600.000 frå arvingane etter Kåre Kolås, til å realisere eit bokprosjekt med å dokumentere lagsbruksdrifta. Kolås hadde bakgrunn særleg frå lagsbruka til gamle Bondeungdomslaget i Bergen, i tillegg til at han var engasjert i tidlegare lagsbruksnemnda i heile 30 år. Denne gåva til Noregs Ungdomslag gjer at ei slik bok kan realiserast, etter at forprosjektet er avslutta.

Lagsfaner

Arbeidet med dokumentasjon av faner og banner brukt i ungdomslaga har halde fram i 2012. Asbjørn Thomassen er prosjektleiar, og gjer eit stort arbeid på dugnad for Noregs Ungdomslag. Arbeidet med dokumentasjon av faner og banner innafor den frilynte ungdomsrørsla er no inne i sitt 15. år. Det gjenstår å fotografere i underkant av 100 av dei vel 500 registrerte objekta. Dette er eit arbeid som krev både pengar og ikkje minst, organisering. Sjølv om det manglar ein del opplysningar om fleire av fanene og bannera, t.d. alder og kven som er kunstnar/handverkar, sit Noregs Ungdomslag no på ein ganske unik dokumentasjon av denne visuelle delen av ungdomslagsrørsla. Dei eldste fanene er frå 1890-talet og dei yngste etter 2000. Fanene og bannera speglar ulike tendensar og haldningar. Noregs Ungdomslag tek sikte på at arbeidet kan resultere i ei praktbok som viser denne delen av kulturarven, og arbeider for at boka blir gitt ut i 2014.

6 Studie- og opplæringsarbeidet

Studieforbundet kultur og tradisjon

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Noregs Ungdomslag er ein av dei største kursarrangørane i studieforbundet, men vi ser at det må mykje informasjonsarbeid og rettleiing til overfor laga, for at all opplæringsaktivitet som kan få tilskot, blir registrert.

Det blei gjennomført 614 kurs med 19.624 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2012, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr. 1.550.588. Dette er ei auke på 531 timar men ein nedgang på 8 kurs frå 2011. Tilskotet er auka med kr. 190.641 i høve til 2011. Etter å ha hatt nedgang i studietimetalet i mange år, er 2012 det andre året på rad med ei auke i timetalet for Noregs Ungdomslag!

Bunadsopplæringa

Bunadsopplæringa som er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Institutt for bunad og folkedrakt og Noregs Ungdomslag, starta hausten 2007. I 2012 sat Ellen Runderheim i styringsgruppa for opplæringa for NU.

Norsk folkeleg dans

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans er eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon, Rff-sentret og NU.

NU administrerte vidareutdanningskurset i 2012, og har hatt ansvar for praktisk gjennomføring av studiesamlingar, informasjon, kontakt med samarbeidspartane, samt marknadsføring og oppfølging av studentar og lærarar. I 2012 vart det avgjort at kurset skulle halvere studiepoenga til 7,5. Dette medførte at studiesamlingar i skuleåret 2012/2013 vart halvert og at samlingane vart lagt til vårsemesteret 2013.

Studiemidlar til laga

Oversyn over gjennomførte kurs i Noregs Ungdomslag i 2012:

	Kurs	Timar	Delt.	Tilskot
Østfold	13	314	121	22 261
Akershus	2	76	36	6 460
Oslo	27	894	287	74 040
Hedmark	5	90	96	7 650
Oppland	9	278	80	18 015
Buskerud	4	129	59	10 965
Vestfold	28	503	358	42 755
Telemark	24	619	281	49 980
Aust-Agder	36	916	424	64 171
Vest-Agder	23	544	287	40 760
Rogaland	49	1 377	426	112 635
Hordaland	95	3 460	856	282 792
Sogn og Fjordane	56	1 511	437	115 460
Møre og Romsdal	79	3 305	721	264 161
Sør-Trøndelag	34	1 964	252	161 050
Nord-Trøndelag	41	1 271	346	91 475
Nordland	48	1 328	464	102 523
Troms	35	846	298	66 830
Finnmark	6	199	41	16 605
Sum 2012	614	19 624	5 870	1 550 588
Sum 2011	622	19 093	5 855	1 359 947
Endring 2011-2012	-8	531	15	190 641

7 Tilskot og økonomi

Noregs Ungdomslag har ein samansett økonomi, finansiert medlemskontingent, og ulike deltakaravgifter, i tillegg til offentlege drifts- og prosjekt.

NU forvaltar Frifondmidlar som laga kan søkje på, og søker også om momskompensasjonsmidlar på vegne av lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen er godkjend som mottakar av skattefrie gåver.

Driftstilskot

Barne- og ungdomsarbeid

Noregs Ungdomslag fekk kr. 1.176.207 i tilskot frå Barne- og likestillingsdepartementet til barne- og ungdomsarbeidet. Dette er ei auke på kr 191.412 i høve til 2011. Tilskotet er utrekna etter tal medlemmer under 26 år og tal lokallag med minst 5 medlemmer under 26 år. Auken skuldast i hovudsak at ein stor organisasjon gjekk ut av ordninga, og dette medførte meir tilskot til dei andre organisasjonane.

Folkedansarbeid

Noregs Ungdomslag mottok statstilskot til folkedansarbeidet direkte over statsbudsjettet, og mottok i 2012 kr 956.000. Dette er ein auke på kr 56.000 frå året før, i hovudsak indeksregulering.

Teaterarbeid

Noregs Ungdomslag får statsstønad til teaterarbeidet gjennom paraplyen Norsk teaterråd. I 2012 fekk vi kr. 638.625, ei auke på kr 22.907 i høve til 2011. Statsstønad frå Norsk teaterråd vert tildelt m.a. på bakgrunn av den lokale aktiviteten. Arbeidet med å hente inn informasjon frå laga våre er viktig for å sikre nivået på stønaden.

Kompetansehevingstilskot

NU fekk i 2012 kr 180.000 frå Studieforbundet kultur og tradisjon til kompetanseheving. Tilskotet er utrekna etter totalt studietimetal i organisasjonen, og er ein nedgang på kr 60.975 i høve til 2011. Store delar av denne nedgangen skuldast at Seniordans Norge er teken opp som medlemmer i studieforbundet, og at det dermed har blitt ein organisasjon til som mottok kompetansehevingstilskot.

Prosjektstilskot

Mykje av arbeidet i NU er finansiert heilt eller delvis av prosjektmidlar. Kvart år sender vi mange søknader til ulike instansar for å finansiere aktivitet innanfor dei ulike fagområda.

Oversyn over prosjektmidlar til Noregs Ungdomslag, 2012:

Furestiftelsen	Turné, Nordic Dance	150.000
Hordaland folkemusikklag	Kulturskuleprosjektet	5.000
Hordaland fylkeskommune	Kulturskuleprosjektet	15.000
LNU	Nordisk sommarleir	120.000
Nordbuk	Nordisk sommarleir	DK 200.000
Norsk kulturråd	Nordlek 2012	200.000
Norsk kulturskuleråd	Kulturskuleprosjektet	50.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Modul 1, folkedans	10.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Dansefest, plateslepp	5.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Kulturskuleprosjektet	20.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Modul 2, folkedans	10.000

Tilskot til laga

Momskompensasjon

Noregs Ungdomslag får som ein av mange frivillige organisasjonar tilskot som kompensasjon for moms på tenester som blei innført i 2001. Etter at regelverket for momskompensasjon blei endra i 2010, søker NU om kompensasjon etter såkalla forenkla modell. Noregs Ungdomslag søker på vegne av alle tilknytta lokal- og fylkeslag, og får eit samla tilsagn som skal fordelast vidare mellom dei laga som har sendt inn søknad .

NU fekk tildelt i alt 2.087.286 i momskompensasjon for grunnlagsåret 2011. Dette var ei auka på kr 581.869 frå året før. Kr 1.768.132 av dette blei fordelt til lokal- og fylkeslag som hadde sendt inn krav. Dette var ei auke på kr 532.736 frå året før. Det resterande beløpet gjekk til å dekke sentralleddet sine momsutgifter, inkludert 1% av det samla tilsagnet, som gjekk til administrasjon av ordninga

Frifond

Frifond er ei støtteordning, i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, som skal betre dei økonomiske rammetilhøva for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokale og frivillige organisasjonar. Støtta går til kulturaktivitet for barn og unge under 26 år.

Organisasjonane får frifondmidlar basert på tal lag med minst 5 medlemmer under 26 år og tal medlemmer under 26 år i desse laga. Noregs Ungdomslag fekk i 2012 tildelt kr. 1.748.697 i Frifondmidlar. Dette var ei auke på kr. 279.299 frå året før. Av desse midlane har sentralleddet nytta 5 % til administrasjon av ordninga.

Tilskotet har blitt tildelt med eit fast grunntilskot på kr 4.000 og eit variabelt tilskot utrekna etter tal medlemmer under 26 år. Laga kunne i tillegg søkje om eigne prosjekttilskot til teateraktivitet for barn og unge. Lag som hadde færre enn 5 medlemmer under 26 år hadde høve til å søkje om oppstartstøtte på kr 4.000.

I 2012 var det 155 lag som søkte og fekk tildelt ordinært frifondtilskot, og 8 lag som søkte og fekk tildelt oppstartstilskot. Til samanlikning var det tilsaman 142 lag som fekk frifondtilskot i 2011.

Laga må dokumentere at dei har medlemmer under 26 år og dei må ha sendt inn årsrapport for føregående år for å få tildelt Frifondmidlar.

Øversyn over fordelte Frifondmidlar 2012

Sum pr fylke, og tal lag i fylket som har motteke tilskot

Fylke	Tal lag	Sum tilskot
Akershus	1	16.938,04
Aust-Agder	7	74.353,93
Buskerud	7	50.984,85
Finnmark	0	0
Hedmark	2	12.019,02
Hordaland	25	259.731,06
Møre og Romsdal	28	297.339,81
Nord-Trøndelag	13	150.426,75
Nordland	8	67.979,79
Oppland	7	64.134,57
Oslo	2	20.631,19
Rogaland	8	84.669,53
Sogn og Fjordane	24	217.147,86
Sør-Trøndelag	8	85.243,68
Telemark	5	63.922,88
Troms	7	81.702,37
Vest-Agder	9	91.348,88
Vestfold	0	0
Østfold	2	16.803,57
	163	1.661.278,00

Støtte til opplæring, sjå Studieforbundet kultur og tradisjon.



8 Styringsstrukturen

Landsmøtet

Landsmøtet blei halde på Håndverkeren i Oslo, 21. og 22. april. Landsmøtefesten blei halde i teatersalen til BUL Oslo, med teaterlaget i BUL som festarrangør. Det deltok 86 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fem frå administrasjonen og ein representant frå valkomiteen. Ein av heidersmedlemmene var og til stades. Ein hadde besøk frå Norsk teaterråd, Studieforbundet kultur og tradisjon, Nordlek 2012, Norske kulturbygg og Noregs Mållag. Alle gjestane helsa til landsmøtet.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- Styrestruktur – evaluering av prøveperiode
- Dei sentrale tilskipingane
- Reiseutjamning for landsmøtet
- Arbeidsprogram 2013-2014
- Budsjett 2013-2014
- Lovendringar
- Endringar i styringsføresegnene
- Endringar i mønsterlovene for lokallag og fylkeslag

Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

- Ja til ein debatt om sidemålsundervisninga
- Kulturskulen – rektor sin leikebinge
- Ei klimamelding for ungdomshusa
- Harry Potter på nynorsk? Satsing på omsett barne- og ungdomslitteratur
- Kulturhus for lokalkultur!
- Introduksjon – til kva?
- Gje ungdomen ein samlingsplass
- Hulda på vengen
- Rom for både kunstfag og spesialundervisning
- Lat borna få bli!

Utsendingar fylkesvis

<i>Fylkeslag</i>	<i>Tal</i>
Finmark Ungdomslag	0
Troms Ungdomsfylking	6
Nordland Ungdomsfylking	7
Hålogaland Ungdomslag	0
Naumdøla Ungdomslag	1
Inntrøndelag Ungdomssamlag	1
Sør-Trøndelag Ungdomslag	2
Nordmøre Ungdomslag	2
Romsdal Ungdomssamlag	2
Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	1
Sogn og Fjordane Ungdomslag	4
Hordaland Ungdomslag	7
Rogaland Ungdomslag	8
Vest-Agder Ungdomslag	5
Aust-Agder Ungdomslag	2
Telemark Ungdomslag	6
Hallingdal Ungdomslag	0
Valdres Ungdomslag	2
Oppland Ungdomslag	5
Østerdal Ungdomslag	0
Fylkeslaget Varden	4
Eidsiva Fylkeslag	3
Bygdelagssamskipnaden	6
Beinveges innmeldte lag	3
Styret	9
Til saman	86

Landsråd

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2012 blei landsrådsmøtet halde i Tromsø, 19.-21. oktober.

Tema for møtet var m.a. prosjektet ”Huset i bygda” i Sogn og Fjordane Ungdomslag og kampanjen ”1 million på rett kurs” i regi av Vaksenopplæringsforbundet. Eksterne innleiarar var Arve Hornnes frå Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hilde Grønhovd frå Vaksenopplæringsforbundet.

Det deltok 24 personar frå 16 fylkeslag i tillegg til styret og administrasjonen.

Årsmøtet vedtok i 2009 at ei av minimumsoppgåvene til fylkeslaga er å delta på landsrådsmøtet, og oppmøtet i 2011 må seiast å vere svært bra samanlikna med dei siste åra.

Heidersmedlemer

Ola Norman Strand blei utnemnd til heidersmedlem i 2005. Ola var tilsett i NU som teaterrettleiar og seinare som organisasjonssekretær. Han reiste mykje rundt i landet og mange i NU knyter teaterarbeidet til Ola Norman.

Gunnar Rødal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

Styret

Fram til landsmøtet:

Leiar:	Kristian Fjellanger, Oppland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Organisatorisk nestleiar:	Ellen Mersland, Troms Ungdomsfylking
Styremedlem:	Borghild Opdahl, Hordaland Ungdomslag Herman T. Lund, Nordland Ungdomsfylking.
Varamedlemer:	Geir Kåre Sandnes, Romsdal Ungdomssamlag. Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag Arve Hornnes, Sogn og Fjordane Ungdomslag
Styremedlem teater:	Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag
Styremedlem folkedans:	Ingrid Maurstad Tuko, Fylkeslaget Varden
Styremedlem bunad:	Ellen Runderheim, Hallingdal Ungdomslag
Styremedlem BUR:	Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag

Etter landsmøtet:

Leiar:	Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag
Organisatorisk nestleiar:	Ellen Mersland, Troms Ungdomsfylking
Styremedlem:	Herman T. Lund, Nordland Ungdomsfylking * Olav-Johan Øye, Bygdelagssamskipnaden
Varamedlemer:	Geir Kåre Sandnes, Romsdal Ungdomssamlag. Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag Arve Hornnes, Sogn og Fjordane Ungdomslag
Styremedlem teater:	Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag
Styremedlem folkedans:	Stine Skoglund Macheido, Troms Ungdomsfylking
Styremedlem bunad:	Ellen Runderheim, Hallingdal Ungdomslag
Styremedlem BUR:	Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag

** Herman Lund har hatt permisjon i perioden frå august og ut året. Geir Kåre Sandnes har møtt som fast styremedlem i denne perioden.*

Styret har hatt 13 møte, inkludert telefonmøte, og har handsama 94 saker. Styreleiar har hatt eit honorar på 30% av generalsekretærløn. Det blir utbetalt honorar til styremedlemmene for deltaking på styremøta.

Folkedansrådet

Fram til landsmøtet:

Leiar: Ingrid Maurstad Tuko, Fylkeslaget Varden
Medlemer: Gunn Inger Sture, Hordaland Ungdomslag (permisjon)
Stine Skoglund Machiedo, Troms Ungdomsfylking
Vara: Anna Gjendem, Romsdal Ungdomssamlag
Siri Mæland, Sør-Trøndelag Ungdomssamlag

Etter landsmøtet:

Leiar: Stine Skoglund Machiedo, Troms Ungdomsfylking
Medlemer: Håvard Ims, Hordaland Ungdomslag
Anna Gjendem, Romsdal Ungdomssamlag
Vara: Ingar Vaskinn, Buskerud
Ulrikke Nordlie Bredal, Nordland Ungdomsfylking

Folkedansrådet har i perioden hatt 6 møte og handsama 39 saker.

Teaterrådet

Fram til landsmøtet:

Leiar: Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag
Medlemer: Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden
Raymond Talberg, Romsdal Ungdomssamlag
Vara: Jostein Mjelde, Hordaland Ungdomslag
Alf Teigen, Sogn og Fjordane Ungdomslag

Etter landsmøtet:

Leiar: Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag
Medlemer: Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden
Endre S. Myhre, Oppland Ungdomslag
Vara: Benedicte J.L. Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag
Alf Teigen, Sogn og Fjordane Ungdomslag

Teaterrådet har i perioden hatt 4 møte og handsama 37 saker.

Bunadsrådet

Fram til landsmøtet:

Leiar: Ellen Runderheim, Hallingdal Ungdomslag
Medlemer: Dag Olav Hagen, Vest-Agder Ungdomslag
Anne Lise Farstad, Romsdal Ungdomssamlag
Vara: Lasse Pettersen, Bygdelagssamskipnaden
Daghild Håvardsholm, Rogaland Ungdomslag

Etter landsmøtet:

Leiar: Ellen Runderheim, Hallingdal Ungdomslag
Medlemer: Anne Lise Farstad, Romsdal Ungdomssamlag
Lasse Pettersen, Bygdelagssamskipnaden
Vara: Karin Johanne Ness, direktemedlem
Anne-Lisbeth Eide, Aust-Agder Ungdomslag

Bunadsrådet har i perioden hatt 3 møte og handsama 20 saker.

Barne- og ungdomsrådet

Fram til landsmøtet:

Leiar: Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag
Medlemer: Lisa Grav Henriksen, Nordland Ungdomsfylking
Torbjørn Bergwitz Lauen, Vest-Agder Ungdomslag
Vara: Silja Solvang, Hordaland Ungdomslag
Andrea Steen Hernes, Nordland Ungdomsfylking

Etter landsmøtet:

Leiar: Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag
Medlemer: Lisa Grav Henriksen, Sør-Trøndelag Ungdomslag
Ole Fredrik Wannebo, Sør-Trøndelag Ungdomslag
Vara: Silja Solvang, Hordaland Ungdomslag
Sindre Vaskinn Hunn, Buskerud

Barne- og ungdomsrådet har i perioden hatt 6 møte og handsama 32 saker.

Valnemnd

Fram til landsmøtet:

Leiar: Siri Strige, Nordland Ungdomsfylking
Medlemer: Aud Solveig Malmedal, Romsdal Ungdomssamlag
Edvard Lauen, Vest-Agder Ungdomslag
Ina Cyrus, Bygdelagssamskipnaden
Vegar Vårdal, Oppland Ungdomslag
Vara: Tor Steinar Fromreide, Vest-Agder Ungdomslag
Inge Roar Snøåas, Telemark Ungdomslag
Brit Sørland, Hordaland Ungdomslag

Etter landsmøtet:

Leiar: Aud Solveig Malmedal, Romsdal Ungdomssamlag
Medlemer: Ina Cyrus, Bygdelagssamskipnaden
Vegar Vårdal, Oppland Ungdomslag
Evelyn Laupstad, Troms Ungdomsfylking
Tore Strugstad, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag
Vara: Tor Steinar Fromreide, Vest-Agder Ungdomslag
Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag
Inge Roar Snøåas, Telemark Ungdomslag

9 Administrasjonen

Generalsekretæren

Eli Ulvestad er tilsett i eit åremål som generalsekretær fram til juni 2013.

Andre tilsette

Kulturrådgjevar, teater

Andreas Løken - vikar fram til 31.1. Fast tilsett 1.2.-30.9.

Åshild Mjelde Nordås frå 1.10.

Kulturrådgjevar, folkedans

Synnøve Jørgensen til 30.9.

Halldis Folkedal frå 8.10.

Informasjonsrådgjevar

Daniel Heggelid-Rugaas til 30.9.

Andreas Løken frå 1.10.

Organisasjonskonsulent

Alf Steinar Nekstad

Det har vore relativt stor utskifting på kontoret i 2012. Både Synnøve Jørgensen og Daniel Heggelid-Rugaas valde å seie opp stillingane sine, og søkte andre utfordringar. Andreas Løken, som har vore teaterådgjevar sidan 2010 fekk endra stillingsinnhald, og tok over informasjonsstillinga etter Daniel. Dette gjorde at begge kulturrådgjevarane har nye andlete frå hausten 2012

Norsk teateråd kjøper 20% sekretærtjenester som i hovudsak består av sentralbord, postregistrering og arkivering. Avtalen blei sagt opp frå Norsk teateråd si side i 2012, med verknad frå 1.1.2013. Studieforbundet kultur og tradisjon kjøper konsulenttenester for å administrere studiet Norsk folkeleg dans.

NU har kjøpt rekneskapstenester frå Bokholderi AS.

NU-kontoret

Noregs Ungdomslag har hatt kontorlokale i Tollbugata 17 i Oslo sentrum sidan 2005. Vi leiger lokale av Søylen Eiendom saman med Norsk teateråd, og dagens leigekontrakt går ut sommaren 2015.

NU og Norsk teateråd leiger i fellesskap ut nokre av kontorlokala. Framleigetakarar har i 2012 vore Norsk Kulturforum, Driv AS og Magasinet Plot.

10 Samarbeidsorganisasjonar og representasjon

Samarbeidsorganisasjonar

Av-og-til

Av-og-til (tidlegare Alkokutt) er ein kampanje som kom i stand for å redusere alkoholforbruket i Noreg, og NU var med frå starten.

Bygdemafiaen

Bygdemafiaen er ein uformell samarbeidsstruktur mellom NU, Norges Bygdeungdomslag, 4H Norge, og Norsk Frilynt Ungdomsforbund. Det er tre til fire møte i året der felles saker vert drøfta, mellom anna statsbudsjett, kursverksemd, deltaking i paraplyorganisasjonar m.m.

CIOFF-Norge

CIOFF er ein internasjonalt kulturell privat organisasjon (NGO) i formelle rådgivande kontakt med UNESCO. Oppretta i 1970, har som formål å ta vare på bevaring, marknadsføring og formidling av tradisjonell kultur og folklore. NU administrerer Cioff Noreg, og formidlar informasjon til lag i NU og FolkOrg.

Det Norske Samlaget

Samlaget er eit stort nynorsk forlag og ein viktig kulturinstitusjon. Dei har mellom anna gjeve ut mange bøker som NU har for sal, særleg innan folkedans.

Det Norske Teatret

Noregs Ungdomslag er ein av luteigarane til Det Norske Teatret. Viktige samarbeids-saker er Norsk Amatørteaterfestival og Den Mangfaldige Scenen. DNT har eit målpolitisk råd som skal gje råd om målbruken ved teatret og andre kulturpolitiske emne som rådet sjølv tek opp. Eli Ulvestad har vore medlem i rådet, og har frå årsmøtet i april vore leiar. Kristian Fjellanger representerte NU i valnemnda.

FN-sambandet

Noregs Ungdomslag er medlem i FN-sambandet, saman med rundt 50 andre organisasjonar. NU har ikkje vore aktiv på arenaer i FN-sambandet i 2012.

Studieforbundet kultur og tradisjon



Noregs Ungdomslag er ein av dei største medlemsorganisasjonane i studieforbundet. Endre Kleiveland og Eli Ulvestad har representert NU i styret for studieforbundet.

Frivillighet Norge

Frivillighet Norge er eit koordinerande organ for arbeidet frivillige organisasjonar gjer i forhold til offentlege utgreingar og prosjekt. Organisasjonen har 282 medlemsorganisasjonar. Både einskildorganisasjonar og paraplyorganisasjonar er medlemmer. Noregs Ungdomslag har delteke i nettverksgruppa for skatt og avgift, som mellom anna drøftar momskompensasjonsordninga.

Hovudorganisasjonen Virke (Tidlegare HSH)

NU er medlem av denne arbeidsgjevarorganisasjonen og har nytta nokre av Virke sine kurstilbod.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

LNU er ein paraplyorganisasjon som arbeider med barne- og ungdomspolitiske saker. LNU forvaltar m.a. Frifond-ordninga. NU har observatørmedlemskap, men kan søke på alle tilskotssordningane i LNU og delta med talerett i alle fora. Daniel Heggelid-Rugaas representerte NU i fordelingsutvalet for kulturmidlane fram til hausten 2012.

Musikk og Ungdom

Noregs Ungdomslag gjekk inn i ein samarbeidsavtale med Musikk og Ungdom (då Jeunesses Musicales Noreg) i 2007. Nettverket har tre hovudoppgåver:

- synleggjere verksemd for og med unge innanfor musikkområdet i Noreg og utlandet
- vere ein portal for ungdom si musikkdeltaking i inn- og utland
- vere ein samhandlingsplattform for verksemd og tiltak for unge innanfor musikkområdet

Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid (NSU)

NSU er ein paraplyorganisasjon for 19 landsdekkande ungdomsorganisasjonar i Norden, med over 2 000 000 medlemmer. Formålet er å styrke samarbeidet mellom

